



DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Hallingdal



ok 29

| | |
|----------------------|---------------|
| Innvalgt og utvalgt. | |
| KI | |
| Dokumentnr. 03/385 | Dato 27.11.03 |
| Kode 500 | Ref. KRS |

Det Kongelige Kultur- og Kirkedepart.
Kyrkjeavdelinga
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 26. november 2003

Vår ref.: 336/03/211

Høyringsuttale - "tjenesteordning for proster og menighetsprester"

Dessverre vil den framlagde tenesteordninga føre til ei svekking av sokneprestenesta og dermed prestetenesta.

Mykje kan seiast og vil bli sagt, men eg har to ting som uroar meg.

1. Makt

"Soknepresten ut - menighetsarbeidaren inn."

Desse føreslegne ordningane handlar mest om flytting av makt og redusering av antal leiarstillingar.

Det som gjer at eg meiner det, er at eg i arbeidet med å kome med konkrete forslag til endringar ikkje såg nokon hensikt i å bruke arbeidstitlane kapellan og sokneprest lenger. Dei er forelda og passar ikkje inn i dagens struktur heller. Kall dei heller menighetsprest/kyrkjelydsprest 1,2 eller 3. Det er mykje meir sakssvarande.

Målretta styring av prestetenesta javel, men det som er viktigast er målretta leiing av kyrkjelydane. Til det trengs det lokale leiarar. Idag har sokneprestane leiaransvar og makt i sine prestegjeld, som i dei fleste tilfelle fell saman med kommunegrensene. Soknepresten sit som regel i fellesrådet og det delte leiaransvaret for prestegjeldet isaman med kyrkjeverje er synleg. I ordningane som er føreslege vert sokneprestens leiaransvar for prestegjeldet svekka, ikkje nødvendigvis i utgangspunktet, men det vil verte ein konsekvens etter ein del år med tenesteordninga. For å kjenne ansvar må det ligge høve til makt og innflytting over eiga teneste og eige prestegjeld.

De tek vekk eit ledd i prestehierakiet, nemleg soknepresten. Styrk heller prestetenesta ved å gje dei ansvar og tillit til å vere leiarar som styrer sine prestegjeld mål- og resultatorientert. Det er viktig at soknepresttenesta er ei teneste der det følger makt med. Er det prosti som det trengs å gjere endringar i, så lag heller reglar som gjer at det er mogeleg å gjere endringar, men ikkje lag eit generelt regelverk som prøver å dekke alt.

Kollegiet av "frie" likeverdige leiarar les sokneprestar på prostiplan trengs for at kyrkja kan utvikle seg mål- og resultatorientert. Vi har heller ikkje råd overfor kyrkjelydane å bruke ressursar på eit større byråkrati på prostiplan som vil måtte til i alle prosti med dei nye ordningane.

2. Rekruttering

Ein annan konsekvens ved å ta vekk sokneprestleiarstillet er at rekrutteringa til prestetenesta vil bli svekka. Det vil ikkje vere nokon status lenger å vere sokneprest. Det vert ein lengre veg å gå for å få makt og innflytting. Kvifor skal ein utdanne seg i 6 og eit 1/2 år når det er så få leiarstillingar på lokalt plan i Den norske kyrkja?

Lukke til med å utarbeide gode og funksjonelle tenesteordningar for leiarane av kyrkjelydane.

Med helsing


Erling Nydål
Fungerande prost